

## Eigenerklæringsskjema til deg som har fått tilbod om koronavaksine

Før vaksinasjon bed vi deg gå gjennom dette skjemaet og ta det med deg til vaksinasjonsstaden.  
 Informer vaksinatør om tidlegare dose(ar) koronavaksine.

Etternavn, førenavn:
Fødselsnummer:
Signatur:

Ikkje møt opp til vaksinasjon, og gje melding så raskt som mogleg om du

- På vaksinasjonsdagen har symptom på forkjøling eller feber over 38 °C.
- Er i karantene eller isolasjon grunna koronasjukdom.
- Har vorte vaksinert med anna vaksine i løpet av siste 7 dagar.
- Har gjennomgått koronasjukdom for mindre enn 3 månader sidan (for ungdom 12-15 år gjeld det uavhengig av tid sidan sjukdom).

Svarar du JA på nokre av spørsmåla under, bør det avklarast før vaksinasjon om du treng spesiell tilrettelegging. Les meir på neste side og kontakt lege om du er usikker.

	Ja	Nei
Har du <b>mastcellesjukdom</b> ?		
Har du på grunn av <b>astma</b> i løpet av det siste året fått minst 2 kortisonkurar eller vore lagt inn på sjukehus?		
Har du på grunn av <b>astma</b> hatt minst 3 av følgjande symptom siste 4 veker:		
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Symptom på dagsid meir enn 2 gongar per veke</li> <li>• Vakna på natta</li> <li>• Behov for anfallsmedisin meir enn 2 gongar per veke</li> <li>• Avgrensing i fysisk aktivitet</li> </ul>		
Har du hatt <b>allergisk reaksjon</b> på denne vaksinen eller innhaldsstoffa tidlegare?		
Har du tidlegare hatt alvorleg (livstruande) <b>allergisk reaksjon</b> på andre vaksinar, mat, medisinar eller anna?		
Har du <b>auka blødningstendens</b> ?		
Har du <b>gjennomgått koronasjukdom</b> for meir enn 3 månader sidan?		
Har du <b>kraftig redusert immunforsvar</b> ?		
Ammar du eller er du gravid?		

Fyllast inn av **vaksinatør** om vaksinasjonen ikkje straks dokumenterast i EPJ/SYSVAK:

Dato og klokkeslett	
Preparat-/vaksinenavn:	
Batch/Lotnummer:	
Årsak til vaksinering: 1. Prioriteringsgruppe 2. Helsepersonell 3. Anna	
Namn (blokkbokstavar) vaksinatør	

## Informasjon om tilrettelegging for vaksinasjon:

**Mastcellesjukdom eller ukontrollert astma:** Kontakt lege for individuell vurdering om du har ein mastcellesjukdom. Om du har svara JA på eitt eller begge spørsmåla om astma, kan det tyde på at du har ein ukontrollert astma. Du bør kontakte lege for ei vurdering av korleis du bør følgjast opp før og under vaksinering.

**Tidlegare allergisk reaksjon på koronavaksine eller alvorleg allergisk reaksjon på andre vaksinar, mat, medisinar eller anna:** Kontakt lege for individuell vurdering. Om lege tilrår vaksine kan det vere behov for auka beredskap for å handtere eventuelle allergiske reaksjonar, samt forlenga observasjonstid etter vaksinasjon.

**Auka blødningstendens:** Om du brukar blodfortynnande medisinar kan du vaksinerast som normalt. Om du har auka blødningstendens grunna anna sjukdomsbakteppe bør du kontakte lege for individuell vurdering. Om du har blødarsjukdom og blir behandla med koagulasjonsfaktor, bør du vaksinerast same dag som siste dosering med koagulasjonsfaktor.

**Gjennomgått koronasjukdom (covid-19):** Hovudregelen er at du kun treng ein dose vaksine, denne bør gjevast tidlegast 3 månader etter at du vert frisk. Ungdom 12-15 år som ikkje tilhøyrar risikogruppene for alvorlege koronasjukdom og som tidlegare har gjennomgått covid-19 anbefalast foreløpig ikkje vaksinering. Les meir om krava som må vere oppfylte for å få koronasertifikat på FHI sine sider om [vaksinasjon etter gjennomgått covid-19](#).

**Kraftig redusert immunforsvar:** Om du har alvorleg immunsvikt eller brukar medisinar som gjev kraftig reduksjon av immunforsvaret grunna til dømes hematologisk kreft, beinmergstransplantasjon eller organtransplantasjon er det tilrådd kortare intervall mellom dosane for somme vaksinar. Gjer vaksinasjonsstaden merksam på at du tilhøyrer denne gruppa, så dei tilrettelegg vaksinasjonsplanen din. Om du er i tvil om du tilhøyrer gruppa bør du kontakte den behandlande legen din for råd.

**Amming og graviditet:** Ammande kvinner blir tilrådde å ta vaksinasjon, det er ikkje kjent risiko for overgang av koronavaksinar til morsmjølk. Studiar tyder på at koronavaksinasjon er trygt både for den gravide og fosteret, sjølv om erfaringa med vaksinering av gravide er avgrensa. Vaksinering er tilrådd for alle gravide i 2. og 3. trimester. Risikofaktorar hos mor eller stor smitterisiko kan tilseie vaksinasjon i 1. trimester. Risikogruppene for alvorleg forløp av covid-19 hos gravide er dei same som for andre.